

Til Marina Solution A/S ved Jan Erik Hovden

Merknader til utviding av flytebryggje ved Mowi sitt smoltanlegg på eigedom
38.2 Kvingo

Sett frå vårt synspunkt, bruk 38.6 Åbakken, er dette ein stor inngripen i miljøet ved bukta ved Åbakken. Det vil dominera heile bukta, bli som eit stengsel og bli veldig skjemma. Ein bør ta hensyn til det estetiske ved plasseringa av bryggja

Frå vår sjøbu og over til Skutevikneset vil bryggja fylla halve bukta.

Me ønskjer å få eit svar, orientering, om korleis festeanordningar, ile, i sjø vil bli . Dette er av interesse då bukta er brukt til garn og teinefiske

Større båtar så nært inn i bukta vil og medføra meir støy og ubehag med sterkt lys nattens tid.

Forslag:

Me legg fram vårt forslag, sjå vedlagt skisse, at bryggja vert flytta utanfor neset til høgge ved «sjøbua». Etter samtale med Jan Erik Hovden , skulle djupna i sjø der gjera dette fullt mogeleg. Dette ville gjera at ein beheld den opne bukta og slik bevarer miljøet, samtidig med at Mowi får løyst sitt behov.

Med venleg helsing

Masfjordnes 26.02.21

Helga Hodne og KåreMjanger

Bruk 38.6 SørKvingo

Kopi il Masfjorden Kommune

Teknisk avd